

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 15.07.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Kjell Inge Solhaug  
**SAKA GJELD:** **Nye Førde sjukehus - kvartalsrapportering**

**ARKIVSAK:** 2018/4364  
**STYRESAK:** **067/2019**

**STYREMØTE:** **26.08.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerande direktør si rapportering for Nye Førde sjukehus til vitende.

## Oppsummering

Delprosjekt for Psykisk helsevern er på plan innan framdrift, økonomi og kvalitet.

Prosjektstaben i Nye Førde sjukehus er styrka med to nye medarbeidarar, og er førebudd til å møte den auka aktiviteten som vil komme i prosjektet.

Tilbodsinnhenting for nybygg somatikk (Livabygget) og dei etterfølgjande delprosjekta, er i samsvar med framdriftsplan med tilbodsfrist 16. september. Vurderingar i tilboda vil kunne påverke prosessen framover saman med kvalitetssikringa av forprosjektet som vil gå føre seg utetter hausten.

Økonomien i prosjektet Nye Førde sjukehus er i samsvar med budsjett som er etablert. Det er ikkje grunnlag for å endre prognosar.

## Fakta

Kvartalsrapporteringa tek utgangspunkt i månadsrapport for juni måned. Saka vil bli supplert i styremøte med presentasjon av aktuelle saker som er under utvikling fram mot styremøtet.

### Delprosjekt nybygg psykisk helsevern (Dagabygget)

Arbeidet er i gang med å støype fundament og veggskiver rundt botnen i heissjakta og brannskilje. Det er identifisert nokre mindre endringar i grunnarbeidet, men omfanget av desse er ikkje endeleg avklart.

Universitetsbrakka er tømmt og klargjort for å bli demontert og flytta. Flytting vil starte etter sommarferien.

### Prosess med å rekruttere og styrke stab i Nye Førde sjukehus

Helse Førde sin prosjektorganisasjon knytt til Nye Førde sjukehus skal styrkast, og det er lyst ut to stillingar:

- Prosjektleiar
- Byggeleiar

Det kom inn tolv søknader. Prosessen er no avslutta, og to personar er tilsett.

### Revisjon av framdriftsplanar

I tida etter vedteke forprosjekt har det kome inn tilhøve som påverkar framdriftsplanen for gjennomføring av dei ulike delprosjekta:

- Ferdigstilling av nybygg psykisk helsevern (PHV)
- Anskaffing av entreprenør for nybygg somatikk

- Erfaring frå nybygg PHV tilseier at det er behov for å auke lengda på samhandlingsfase for nybygg somatikk

Med bakgrunn i desse tilhøva er det laga eit utkast til revidert rammeplan for framdrift i Nye Førde sjukehus. Den reviderte rammeplanen vil vere eit drøftingsgrunnlag for dialog med entreprenør utover hausten, og vil bli revidert i samråd med entreprenør.

### **Kommentarar**

Innhenting av tilbod for nybygg somatikk (Livabygget) og dei etterfølgjande delprosjekta er i samsvar med framdriftsplan, med tilbodsfrist 16. september. Vurderingar i tilboda vil kunne påverke prosessen framover saman med den kvalitetssikringa av forprosjektet som vil skje utover hausten. Prosjektet planlegg at eventuelle behov for korrigering av forprosjektet skal summerast opp som styresak til møtet i desember 2019, slik at samhandlingsprosess med entreprenør kan starte med denne som basis 2. januar 2020.

Økonomien i prosjektet Nye Førde sjukehus er i samsvar med budsjett som er etablert, og det er ikkje grunnlag for endring av prognosar.

VEDLEGG:

Månadsrapport Nye Førde sjukehus, 2019-06